



DEN NORSKE KIRKE

Kyrkjerådet, Mellomkyrkjelig råd, Samisk kyrkjeråd

Ungdommens kyrkjemøte 2007

Sak 08/07 Å leve med usemje i lærespørsmål

Innleiing

I januar 2006 presenterte Lærenemnda fråsegna *Skriftforståelse og skriftbruk med særlig henblikk på homofilisaken*. Kyrkjerådet valde å leggje fråsegna frå Lærenemnda fram for Kyrkjemøtet 2006 som ei orienteringssak. I saksframstillinga (sak KM 03.3./06) blir det sagt at KR, etter ei utgreiing av ulike sider ved saka, vil leggje henne fram for KM 2007 til realitetsbehandling og eventuelle vedtak då eller på seinare kyrkjemøte.

UKM ønskjer å gje følgjande innspel til Kyrkjemøtet 2007. Vi viser til at disse innspela retter seg både til kyrkja og til korleis den einskilde møter usemje i lærespørsmål i sitt lokale miljø.

Å leve saman i ei inkluderande folkekyrkje

I kyrkja

Kvart menneske er skapt i Guds bilete. Difor har det krav på respekt, openheit og omtanke. Kyrkja må arbeide for at ingen blir diskriminert på grunnlag av seksuell legning, verken i kyrkja eller i samfunnet elles.

Kyrkja skal vere ein stad der det einskilde mennesket kan leve sitt liv i tru, håp og kjærleik. Kvart menneske skal kunne kome til kyrkja og bli møtt med respekt og toleranse. Ingen skal oppleve utfrysning eller trakassering fordi dei tilhøyrer ein minoritet, men bli inkludert ut frå kven dei er. Kyrkja skal vere ein open og ærleg samtalepartnar.

Ungdom sit med ulik erfaring om korleis usemje i lærespørsmål blir praktisert. Opplevingane kan avhenge av til dømes alder, kor i landet vi bur og tradisjonen vi står i rundt om i kyrkjelydane og organisasjonane. UKM 2006 sa i sitt dokument om kommunikasjonsplattforma til kyrkja (sak UKM 05/06) litt om kva behov dei meinte var viktige for menneske.

Desse behova blei prioriterte:

- Behov for tryggleik
- Behov for å høyre til og ha fellesskap
- Behov for kjærleik frå Gud og menneske
- Behov for å bli sett, forstått og trudd som den ein er
- Behov for rom til refleksjon

UKM ser at utfordringane er store når det gjeld å kommunisere desse behova i ei kyrkje som i nokre saker har ulike syn. Det gjer at det er ulik praksis når det til dømes gjeld å møte og inkludere homofile og lesbiske i miljøa rundt om.

Ei av dei sterke sidene til Den norske kyrkja er evna til å ta opp i seg vanskelege spørsmål, diskutere desse og leve med usemje og debatt utan å bli splitta. UKM meiner det er viktig at Kyrkemøtet viser at det tar denne sida ved kyrkja på alvor ved å ta inn

over seg den debatten som har gått føre seg i homospørsmålet dei siste ti åra. UKM oppfordrar KM på det sterkaste til ikkje å gjenta retningslinjevedtaket frå 1997, og dermed øydeleggje den diskusjon og samtale som har vore dei siste ti åra. UKM fryktar at eit slikt vedtak vil undergrave den posisjon og funksjon Kyrkemøtet har, sidan det slett ikkje tek inn over seg den reelle usemja som finst, og eit slikt vedtak i praksis ikkje vil vera mogleg å følgje opp av store deler av kyrkja.

I ungdomsmiljøa

Same kva Kyrkjemøtet 2007 kjem til å drøfte, og eventuelt vedta i denne saka, vil vi erfare at det er usemje i synet på lærespørsmål. Leiarar vil handtere problema som dukkar opp ulikt, og dei som kjempar for at det eine eller det andre synet skal få sterkast gjennomslag, vil framleis arbeide for si sak. Viktigare er det at leiarane i kyrkja arbeider med korleis ein på ein god måte skal handtere usemje i lærespørsmål der mange er sårbare. Ungdom kan oppleve manglande tryggleik ved ulik rettleiing i etiske spørsmål. UKM ser dette som eit problem. Kristne ungdomsmiljø vil måtte ta del i både gode og vonde sider ved å høyre til i eit kristent fellesskap og vere ein del av kyrkja. Ungdomstida er ein sårbar fase, ein skal finne sin eigen identitet, seksualitet og finne ei plattform for livet.

Mange unge fortel at når dei seier dei er engasjerte i kyrkja og /eller organisasjonane, blir dei møtt med spørsmål om homofilt samliv og dei kyrkjepolitiske konsekvensane som media profilerer. Nokre unge opplever dette ubehageleg, og blir usikre på om dei må svare på vegne av kyrkja.

Konkrete tiltak

At kyrkja er delt i synet på homofili kan skape uvisse blant unge, særleg lesbiske og homofile, om dei er velkomne i kyrkja eller ikkje. Så lenge kyrkja har fleire syn på dette spørsmålet, må ho sørgje for at det blir laga retningslinjer som gjer at debatt og språkbruk ikkje blir ført på ein slik måte at det krenker menneskeverdet eller integriteten kvar einskild har.

I usemje i teologiske spørsmål må vi ikkje gløyme at debatten handlar om menneske som kjenner spørsmåla på kroppen. Det blir derfor viktig å lytte til det dei homofile seier om livssituasjonen og erfaringa dei har. Samtalen må gå føre seg slik at alle blir respektert som medkristne. UKM ser det som ei evangelisk handling å leggje til rette for alle menneske sin rett til å leve ut kjærleiken sin og å leve som heile menneske.

UKM ønskjer at det blir laga ein ver-varsam-plakat med nokre enkle reglar både for ungdom og for leiarar, om korleis vi forholder oss til kvarandre i debatten. I denne samanhengen er det viktig å kunne spørje etter og ta vare på dei unge si røyst.

Jesus som førebilete

Ei kristen kyrkje må ha Jesus som førebilete.

Kyrkja må til ei kvar tid la seg inspirere av Jesu kjærleik, som er utan grenser, og korleis han i si samtid løfta fram dei utstøtte og forakta menneska – og ta med seg denne inspirasjonen inn i si eiga tid.

38 stemmeberettigede.

Mot: 12

For: 26

Dokumentet er vedtatt.

Med atterhald om redaksjonelle og språklige endringar.

Protokolltilførsel til sak UKM 08/07 Å leve med usemje i lærespørsmål

Delegatene Kristin Mørreaunet og Mia Alida Ødegård la frem følgende protokolltilførsel:

- Vi ønsker å markere at det er spesielt to utsagn i det endelige vedtaket som gjorde at vi ikke kunne stille oss bak dette. Det gjelder særlig avsnittet som begynner med ”Ei av dei sterkes sidene til Den norske kyrkja...” og setningen ”UKM ser det som ei evangelisk handling å leggje til rette for alle menneske sin rett til å leve ut kjærleiken sin og å leve som heile menneske.” Vi ønsker en kirke som tar Guds ord på alvor, og som dermed ikke åpner for homofilt samlevende i vigsla stillinger. Vi ser ikke gode nok teologiske grunner til å endre Kirkemøtets vedtak fra 1997. Vi vil oppfordre Kirkerådet og Kirkemøtet til å ivareta dette synet i saken.
- Sakspapirene til saken i UKM la opp til en samtale om hvordan ungdom i kirka skulle kunne leve med to syn i praksis. Det gjør sakspapirene ufullstendige som grunnlag for den diskusjonen som har blitt ført på UKM, og som vi mener det endelige vedtaket uttrykker – en klar oppfordring til å endre kirkas offisielle syn på homofilt samliv.
- Videre opplever vi at saksfremstillingen på UKM har fremstått som førende på diskusjonen. Vi satte pris på å høre både Gard Realf. H. Nielsen fra Åpen kirkegruppe og biskop Kjølås sine synspunkter. Sammen med statssekretær Øverlands innlegg representerer de likevel bare den ene siden i saken. Mindretallet i UKM tok derfor selv initiativet til at biskop Bondevik fikk talerett og ba ham om å uttale seg til møte om sitt syn. Vi er glade for at UKM stemte enstemmig for dette. Bondeviks innlegg opplevde vi som legitimerende og det ga en bedre bakgrunn og redegjørelse for vårt syn. Det var viktig at det var en voksen som sa det vi mener.

Følgende sluttet seg til protokolltilførselen:

Anstein Norheim, Einy Torvik, Hans-Øivind S. Granerud, Håkon Kinsarvik, Ingvild Theodorsen, Johannes Kvangarnes, Martin Jakobsen og Ruben Sæle.